



KRISTIANSUND PLAN OG BYGGESAK
Postboks 178
6501 KRISTIANSUND N

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kristin Eide, 71 25 84 33

Kristiansund kommune - gbnr. 9/68 - Uttale til varsel om utviding av planområde for detaljregulering for ny barneskole på Goma - R-320 og tilbakemelding ved førespurnad om å trekke motsegn

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Bakgrunn

Vi har fått oversendt varsel om utviding av planområdet for ny barneskule på Goma for å imøtekomme motsegn frå Statens vegvesen. Hensikta er å utvide planområdet slik at gang- og sykkelveg langs rv. 70 og tilknyttinga til rv. 70 inngår i planområdet.

I tillegg ber kommunen oss å trekke motsegn knytt til plassering av ballbingar slik at dei gir støy over grenseverdiene i retning støyfølsam busetnad.

Utvida planområde

Statsforvaltaren har ikkje merknader til utvidinga av planområdet.

Tilbakemelding om vår motsegn – Støy og ballbinge

Ballbinge

Ved første høyring har vi motsegn (datert 27. april 2023) til reguleringsplanforslaget fordi ballbingar er planlagt plassert slik at dei gir støy over anbefalt nivå gitt i støyretningsline T-1442, og det er opna for stenging kveld og helg som avbøtande tiltak. Slik stenging er uheldig for barn og unge sin bruk av bingen utanom skuletida. Motsegna er dermed knytt til barn og unge sine interesser i planlegginga og til at planen må avklare i tilstrekkeleg grad støy frå nærmiljøanlegg.

Støyfagleg utgreiing er revidert og datert 21.juni 2023. Der blir det vist at støysvake ballbingar vil ivareta støykrava for nabobusetnaden. I støyrapporten går det fram at: *Det anbefales å flytte*

eksisterende ballbinge til arealet som er avsatt til «ballflate asfalt» (nærmest skolen, se støykart X03). Alternativt må det velges en støysvak ballbinge. Da vil støynivå ved nabobebyggelse være ivaretatt for begge posisjoner (se støykart X04).

Føresegn 4.2.3 sørger for at det ved etablering av ballbingar som gir lydnivå over grenseverdien skal disse være støysvake. Det er bra.

Eksisterende ballbinge sør i planområdet gir støy over anbefalt nivå som det er sannsynleg kan skape støykonflikt med auka bruk. Denne er anbefalt flytta, jf. støyrapporten. Vi kan ikkje sjå at planen sørger for dette. Planforslaget legger til rette for auka bruk av eksisterende ballbinge, og verknaden av auka bruk kan bli støykonflikt som må løysast i etterkant. Vi kan ikkje sjå bort frå at stenging av banen blir ei løysing, og det er uheldig for barn og unges interesser. Det bør vere eit mål å ikkje legge til rette for slike konflikhtar gjennom planarbeidet.

Planføresegna må sørge for at eksisterende ballbinge blir flytta slik at kommunen unngår at det blir støykonflikt på grunn av barns leik nær bustadane, jf. anbefalingane i støyrapporten. Etablering av ny støysvak ballbinge på staden vil vere ei løysing alle er tent med. Vi **opprettheld motsegna**.

Støyskjermar

Vi viser til nasjonal støyretningsline T-1442 pkt. 5.1 om korleis støyskjermar bør sikrast juridisk i planen. I føresegn § 4.2.2. står det at støyskjermar i kartet berre er vist illustrativt. Vi rår kommunen til at støyskjermar blir plassert i plankartet med juridisk verknad, og ikkje berre som illustrasjon. Dette er ikkje til hinder for seinare avklaring av utforming, dvs. materialval.

Konklusjon

Statsforvaltaren trekker ikkje si motsegn til støy frå ballbinge.

Vi har ikkje merknader til utvida planområde.

Med helsing

Frida Farstad Brevik (e.f.)
plansamordnar

Kristin Eide
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:

Møre og Romsdal fylkeskommune
Statens vegvesen

Fylkeshuset
Postboks 1010 Nordre Ål

6404 Molde
2605 LILLEHAMMER